



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Politisk-adm.sekretariat			Runar Ludvigsen	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/3144	Klassering:	

Tøsse Brygghus ved Tøsse Mølle - Søknad om salsløyve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tøsse Brygghus AS sin søknad om salsløyve vert avslått jf. Alkoholpolitisk handlingsplan kapittel 2.7.

Saksopplysningar:

Tøsse Brygghus AS med org.nr. 931 225 081, adresse: Osterøyvegen 3384, 5284 Tyssebotnen, med skjenkestad Tøsse Mølle (Møllehuset) søker om salsløyve for nyetablert verksemd.

Dagleg leiar og styrar for serveringsløyve er Per Helge Svensson.
Avløyсар er Andreas Elvik Litland.

Verksemdskonseptet er bryggeri med sal og servering. (Det er i tillegg til salsløyve også søkt om skjenkeløyve.) I søknaden skriv dei med eigne ord: «*Det skal etableres et håndverksbryggeri som skal brygge kvalitetsøl i Tøsse Mølle sine lokaler på Tyssebotn. I den forbindelse ønsker vi å kunne selge øl til kunder. Det blir salg av ulike varianter av håndverksøl - både med og uten alkohol.*»

Dei skriv også: «*Tøsse Mølle har holdt på med korn siden 1866, og ønsker nå å etablere et ølbryggeri i lokalene. Siden korn er basis i all ølbrygging, vil dette passe godt med den industrielle historien til mølla. I partnerskap med noen av Norges flinkeste ølbryggere, tror vi at dette vil bli positivt for bygda og kommunen. Vi ønsker å ha muligheten til å kunne selge kvalitetsøl direkte til kunder som kommer på besøk. Det er blir en viktig inntekt for et bryggeri. Det er også søkt om serverings- og skjenkebevilning.*»

Styrar/dagleg leiar og avløyсар har begge avlagt og bestått etablerarprøven og kunnskapsprøven for skjenkeløyve. Styrar/dagleg leiar har også avlagt og bestått kunnskapsprøven for salsløyve.

Firmaattest, aksjeeigarbok, arbeidsavtale, arealplan, bevilling frå helsedirektoratet, skatteattest og vedtaksbrev frå helsedirektoratet er vedlagt saka.

Søknaden er send politiet, skattemynde og NAV til uttale. Grunna kort tidsfrist på sakshandsaming er ikkje svar førebels motteke. Svar vert lagt ved saka så snart ein får dette. Alkohollova § 1-7 stiller ikkje krav til styrar og avløyсар etter skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

Vurdering

I gjeldande alkoholpolitisk plan står det at salsløyve «berre kan bli tildelt daglegvareforretningar og fetevareforretningar» jf. Kapittel 2.7.

Då Tøsse Brygghus ikkje er korkje dagleg- eller fetevareforetning kan ikkje kommunedirektøren finne grunnlag for å tilrå godkjenning av søknaden slik den ligg føre.

Alternativt vurdering med framlegg til vedtak

I kommunedirektøren sin alternative tilråding er skjenke- og opningstider fastsett slik søkjar sjølv har ønska. Dette er også i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan.

Tøsse Brygghus har areal til ute-servering som oppfyller krav i alkoholpolitisk plan til skjerming av området samt krava til framkomst og trafikkale høve.

Hovudregelen i alkohollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Kommunedirektøren vil rå til at det i denne saka vert gitt løyve med utløpsdato: 30.09.2024. På denne måten held ein fast ved løyveperiodar med handsaming etter kvart kommunestyreval tilsvarande dei andre løyve som er gitt. Dette vil gjere det enklare for heradsstyret å sikre ein meir heilskapleg plan og styring for skjenkeløyva i kommunen, med samla fornying og vedtak av løyva kvart 4. år.

Alternativt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) til Tøsse brygghus ved Tøsse Møkke, eigd av Tøsse Brygghus AS med org.nr. 931 225 081.

Dagleg leiar og styrar: Per Helge Svensson, f. 22.09.1961 vert godkjende.

Avløyssar: Andreas Elvik Litland, f. 23.06.1989 vert godkjende.

Type verksemd: Håndtverksbryggeri, sal og servering.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 –kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 –kl. 18.00 på dagar før sundag og andre heilagdaggar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då salstida er til kl. 20.00.

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sundag og andre heilagdaggar, 01. og 17. mai. Løyvehavarar, styrarar og stedfortredarar vert godkjende.

Løyveperiode: 06.12.2023 – 30.09.2024»

Konklusjon

Kommunedirektøren vil rå til at søknaden vert avslått i tråd med føringane i alkoholpolitisk handlingsplan.